
Saknr: 2019/42-3
Saksbehandlar: Einar Kåre Ulla

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024 - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar i Vestland fylkeskommune, samt utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024.
2. Forslag til prosjektplan av januar 2020, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i møte i kontrollutvalet 11.05.2020 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet 08.06.2020.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon for 2020 - 2024 skal leggst fram for fylkestinget 29.09.2020.

Samandrag

Kontrollutvalet får i denne saka prosjektplanen som skal vere grunnlag for utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon til behandling. Revisor vil utarbeide forslag til planen på bakgrunn av ei risiko- og vesentlegvurdering som er omtalt i prosjektplanen.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla
Seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Forslag til prosjektplan

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I tråd med kommunelova § 23-3 skal kontrollutvalet utarbeide plan for forvaltningsrevisjon det første året i valperioden. Det betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2020 må sørge for:

- å gjennomføre ei risiko- og vesentlegvurdering av fylkeskommunen si verksemd og verksemda i fylkeskommunen sine selskap.
- å utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon i perioden 2020 - 2024 basert på den gjennomførde risiko og vesentlegvurderinga
- at planen blir vedtatt av fylkestinget, som kan delegerere til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden

Kontrollutvalet vedtok 18.11.2019 i sak PS 6/2019 følgjande:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte laga eit forslag til prosjektplan, som bl.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatta:
 - a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering av Vestland fylkeskommune si verksemd og verksemda i fylkeskommunen sine selskap skal gjennomførast.
 - b. Forslag til korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggst fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i 2020 og vert å sende sekretariatet innan 29.01.2020.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at det er ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggst fram for fylkestinget i juni 2020, men seinast i fylkestinget i september 2020.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har ansvaret for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon, ref. kommunelova § 23-3. Prosjektplanen er ein del av dette arbeidet.

Endeleg plan vil bli vedteken av fylkestinget etter innstilling frå kontrollutvalet.

Vurderingar og verknader

Forslag til prosjektplan for gjennomføring av arbeidet med risiko- og vesentlegvurderingar og plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll er motteken og ligg ved saka. Deloitte har presentert arbeidet med risiko- og vesentlegvurderingar for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll i same prosjektplan, ettersom dei har ein del overlappende aktivitetar.

I samband med arbeidet vil Deloitte mellom anna nytte dokumentanalyse, statistikk, gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase, intervju og elektronisk spørjeundersøking som metode. Dei vil gjennomføre intervju med både politiske og administrative leiarar i fylkeskommunen.

Vidare er det lagt opp til 2 prosessmøter med kontrollutvalet. I prosessmøte 1 vil utvalet få høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde og i selskap eigd av fylkeskommunen. I prosessmøte 2 skal kontrollutvalet gjennomføre sin endelege prioritering av prosjekt som skal ligge i forslag til plan for forvaltningsrevisjon som fylkestinget skal godkjenne.

Det vil bli utarbeidd ei felles risiko- og vesentlegvurdering (ROV) for både forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Med grunnlag i ROV vil Deloitte presentere utkast til plan for forvaltningsrevisjon.

Sekretariatet vurderer prosjektplanen som godt gjennomarbeidd og den viser at Deloitte har gode prosessar og rutinar for gjennomføring av slike oppdrag. Etter sekretariatet si vurdering er det viktig at dette arbeidet blir gjort på en grundig og god måte som sikrar sterk involvering både administrativt, politisk og ikkje minst at kontrollutvalet blir sterkt involvert. Sekretariatet har ikkje

merknad til at det blir disponert ein ressurs på inntil det timetal som er lagt inn i prosjektplanen for begge prosjekta til saman. I forslag til prosjektplan er det lagt opp til at arbeidet skal være ferdig tidsnok til at fylkestinget får planane til behandling i september 2020.

Kontrollutvalet bør i dette møtet, saman med Deloitte og sekretariatet, drøfte når det kan vere mest føremålstenleg at prosessmøte 1 og prosessmøte 2 skal gjennomførast. Prosessmøte 1 kan til dømes gjennomførast i møte 11.05.2020. Videre kan prosessmøte 2 gjennomførast i kontrollutvalsmøte 08.06.2020.

Dersom det blir ein slik gjennomføring av prosessen vil endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon kunne leggest fram for kontrollutvalet i møte 16.09.2020 og i fylkestinget 29.09 2020.

Kontrollutvalet bør også diskutere om det er andre ting Deloitte bør ta med seg vidare i dette arbeidet.

Konklusjon

Forslag til prosjektplan med dei endringar som måtte kome fram under behandlinga i møtet vert tilrådd som grunnlag for oppdraget med å utarbeide plan for forvaltningsrevisjon for Vestland fylkeskommune.